

Vedtekter for Syvde sogelag

§1

Laget heiter Syvde sogelag

§2 Formål

Laget har til formål å vekkje og nøre den historiske sansen for slekt, soge, segn, oldsaker, gamle hus m.m. og få folk til å ta vare på alle minner om fortid og fedrar.

Laget vil og ta sikte på å få til eit bygdemuseum der verdfulle eldre hus og ting vert teke vare på. Frå fyrst av vil laget gå sterkt inn for å leggja eit økonomisk grunnlag for arbeidet i sogelaget og få boka utgjeve så snart som mogleg.

§3 Medlemer

Medlemer av laget vert alle som melder seg inn og betalar årspengar minst kr. 2,00. Ved å betale kr. 40,- vert ein livsvarig medlem.

§4 Årsmøte

Årsmøte i laget vert halde på haustparten (sept. - nov.) Årsmøtet vel styre på 7 medlemer med varamenn. Vanylven kommunestyre vel 1 medlem med varamann, med funksjonstid i kommunestyreperioden - 4 år.

Formannen vert vald av årsmøtet mellom styremedlemene for 2 år om gongen. Tenestetida for medlemene er 4 år. Etter 2 år går 3 styremedlemer ut etter lutdraging.

Årsmøtet og styret er vedtaksført med dei som møter når møta er kunngjorde med oppslag.

§5 Styret sine gjeremål

Styret vel varaformann, skrivar og kassastyrar for 2 år om gongen. Styret i sogelaget syter for å få tillitsmenn i bygdene som kan hjelpe til med å samle folkeminne og anna av historisk verd eller gje opplysning om kvar slikt finst. Dei fører dessutan årbok og krev inn årspengar for sogelaget. Styret legg fram melding og rekneskap for årsmøtet.

Styret skal syte for at midlane til laget vert forsvarleg varetekne. Midlar som ikkje trengs til vanleg drift av laget, vert innsette i sparebanken.

§6 Møtebok

Årsmotet og styret fører sine vedtak inn i same møtebok.

§7

Etter tilvisning av formann dekkjer kasseraren dei naudsynlege utbetalingar.

§8

Årsmøtet kan gjere brigde i lovene med 2/3 fleirtal. Framlegg til lovbrigde må vere sendt inn til styret 1 månad føre årsmøtet.

§9

Vert laget nedlagt eller vert arbeidet stogga av annan grunn, går laget sin funksjon over til kommunestyret. Det råder då over verdiane og midlane i samsvar med formålet og planen for sogelaget. Vert eit nytt lag skipa som går inn i arbeidet liksom det gamle, skal kommunestyret gje frå seg råderetten og eigedomen til det nye laget.